



VAL



Listeforslag – s. 3



Einebustader – s. 4

MOT-konsert – s. 6



# BOKN BYGDABBLAD

Nr. 3 april 2015 – Årg. 30



Konfirmantar – s. 15

30  
år

[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no)

KJEKT PÅ  BOKN



# RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding!

**Ny firefeltsveg mellom Bokn og Os**  
I løpet av perioden 2014-2023 ynskjer regjeringa, med utgangspunkt i Nasjonal Transportplan, å binda Vestlandet saman i ein opprusta og ferjefri E39. Styremaktene føreset at vidare planlegging skal ta sikte på at E39 blir ferjefritt i løpet av tjue år. Hausten 2014 blei det kjent at regjeringa også har sett av planleggingsmidlar til firefelts motorveg mellom Bokn og Aksdal.

Etter planen skal firefeltsvegen mellom Bokn og Os i Hordaland stå ferdig i 2025. Med det blir reisetida mellom Stavanger og Bergen opp til halvert. Dette strekket skal då kunne kjørast på to timer og 15 minuttar. Motorvegen får høg standard og skal dimensjoneraast for 110 km/t. Eit anna krav er at det skal vere minimum tri kilometer mellom kryssa, og dei skal ligge i god avstand frå bruer og tunnelar.

Regjeringa har tatt ei avgjerd om at firefeltsvegen blir planlagt med utgangspunkt i ein statleg reguleringsplan. Kostnaden med å oppgradera 70 km av vegstrekket mellom Bokn og Os er vurdert til å koma på om lag 40 milliardar kroner. Arbeidet startar for fullt etter sommarferien 2015 og forslag til planprogram skal etter planen ligge føre våren 2016. Firefeltsvegen på E 39 har byggstart i 2017. Statens vegvesen legg opp til felles idéudgnad for kommunar, regi-

onale styremakter og interesseorganisasjonar den 7. mai i Haugesund.

Signala frå Statens vegvesen er at traseen over Bokn ikkje vil gå i same trasé som dagens E39, det blir lagt opp til ei heilt ny linjeføring med ny kryssing av Bokn-sundet med tunnel eller bru lenger sør. Uansett vil ei flytting av E39 lengre sør på Bokn ha mykje å seie i forhold til støyen frå ein europaveg rett gjennom dei mest tettbygde stroka i Bokn. Dagens E39 vil etter opninga av

ny firefeltsveg fungere som internveg for boknarane. Statens vegvesen har allereie signalisert at den gamle vegen blir lagt inn i vegbudsjetta med ein vedlikehaldskostnad.

Også i forhold til miljø- og trafikksikring er det gunstig å få betre vegar. I dag er det 192 avkjøringar og 50 kryss på vegstrekket mellom Bokn og Stord. Å lage færre og planfrie kryss vil minka faren for trafikkulukker. I tillegg vil to skilte kjørebanar redusera talet på møteulukker.



Mogleg framtidig trasé for E39 over Bokn.

Dette er eit spennande og framtidsetta prosjekt, ikkje berre for Bokn, men for heile Vestlandet. Det er i tillegg viktig og naturleg at vegen får same standard vidare nordover som det nå blir planlagt for i Rogfast. Bokn kommune har mange prosessar på gang knytt til Rogfast og området Knarholmen-Arvågen, difor er det nå viktig å få klarlagt kva areal som blir bandlagt til ein framtidig veg.

Ordføraren

## Boktips

frå

Biblio-

teket



Fatland, Erika: Sovjetistan; en reise..

De tidligere sovjet-republikkene Kasakhstan, Kirgisistan og

Tadsjikistan, Turkmenistan og Usbekistan ble alle selvstendige da Sovjetunionen brøt sammen i 1991. Hvordan har landene utviklet seg siden, og hva kan fremtiden by på? Forfatteren skildrer landenes nære

og fjerne historie og samfunnet i dag, og ved hjelp av møter med ulike mennesker viser hun hvordan sovjetarven preger landene og menneskene som bor der.

### Bokn Arbeidarparti

Kandidatnr.	Navn	Fødselsår
1	Kari Christensen	1946
2	Jørgen Thuestad	1987
3	Rannveig Foss Øvrebø	1976
4	Kaj Arne Christiansen	1976
5	Anne Løvereide Faye	1975
6	Lars Øyvind Alvestad	1986
7	Zuzanna Ufnal	1982
8	Øyvind Birknes Langhelle	1993
9	Lillian Grønnestad	1977
10	Odd Kenneth Tollaksen	1988
11	Kjetil Eivind Hamre	1968

### Bokn Senterparti

Kandidatnr.	Navn	Fødselsår
1	Tormod Våga	1970
2	Emilie Moi Eikje	1988
3	Roar Medhaug	1994
4	Sandra Jøsang	1994
5	Osmund Våga	1969
6	Anita Kro	1973
7	Harald Øvrebø	1976
8	Eirik Nedrebø	1991
9	Geir Aksdal	1966
10	Kjetil Vatnaland	1989
11	Daghild Grønnestad Alvestad	1982
12	Harry Vågshaug	1954

### Bokn Høyre

Kandidatnr.	Navn	Fødselsår
1	Eiliv Staalesen	1964
2	Ann Jeanette Sunde Olaussen	1972
3	Tom Inge Aksdal	1987
4	Lene Ognøy Foss	1977
5	Per Helge Sunde	1966
6	June Grønnestad	1972
7	Jørn Hansen	1971
8	Ingleif Kro	1984
9	Linda Ognøy	1957
10	Joar Vatnaland	1966
11	Marius Sunde	1993
12	Margaret Myhre Dirdal	1967
13	Edgar Våge	1962
14	Kurt Jøsang	1971
15	Lars Sigmund Alvestad	1958

### Bokn Kristeleg Folkeparti

Kandidatnr.	Navn	Fødselsår
1	Sigmund Alvestad	1946
2	Jennifer Vatnaland	1970
3	Oddvar Hognaland	1959
4	Torstein Alvestad	1977
5	Hans Jørgen Ognøy	1970
6	Marianne Øvrebø	1950
7	Arthur Alvestad	1950
8	Jorunn Larsen	1944

### Aprilspøk på bygdabladet.no

Sjølv om Austre Bokn Bygdalag har arrangert eigne St. Hans-arrangement i ei årrekke, var det ein spøk at dei skulle ha 17. mai-feiring for alle på Austre Bokn.



### 17. mai-feiring

Av [Jardar Havikbotn](#)

**Austre Bokn Bygdalag vil dette året arrangera 17. mai-feiring for alle på Austre Bokn.**

Det vil bli folketog frå Bokn bedehus til Tåganes og kapproing frå Tåganes til Øyren.

Etter kapproinga vil me møtast på bedehuset der det vil bli gratis servering og leikar for barn og vaksne. "Han Innante", Torolf Nordbø, vil halda 17. mai-appell.



Bedehuset vil stå sentralt i 17. mai-feiringa på Austre Bokn.

Programmet kjem i aprilnummeret av Bokn Bygdablad.

Mvh.

Styret i Austre Bokn Bygdalag

(01. Apr 2015)

## Einebustader i rekke

Jardar Havikbotn

**Det nystarta bustadfirmaet Heimly AS tilbyr nøkkelfklare funkishus med takterrasse i Alvestadkroken. Ved snarleg oppstart av grunnarbeidet, kan husa vera ferdige i desember dette året.**

To tomter er utsilde frå eigedomen til Kjell Frode Lie. På kvar tomt blir det to hus som er forma slik at du føler du bur litt for deg sjølv. Kvar av dei fire bueiningane er på 115 m<sup>2</sup>, med bod og garasje 146 m<sup>2</sup>.

For lokalkjende blir bustadene på to etasjar plasserte der drivhuset til Magnus og Fernanda Alvestad stod i si tid. Bygningane blir vridde slik at ein frå hovuddelen vil ha utsyn mot nordaust over Boknasundet.

Lars Norekvål og Kjell Frode Lie eig halvparten kvar i Heimly AS, som har fått namnet etter namnet på plassen der husa skal stå. Selskapet er eit såkalla Singel purpose-selskap for dette prosjektet, men tida vil visa om selskapet utviklar fleire prosjekt. Karane er svært nøgde med utbyggar Nordbohus Haugaland sine teikningar og tilpassingar til tomte-ne.

### Moderne

- Me håpar at moderne funkisstil og terrasse på 30 m<sup>2</sup> med utgang fra hoveddelen blir noko nytt og spennande, eit godt alternativ til leiligheter og eldre bustader. Her er arealet utnytta på ein god måte og med flatt tak er det tatt omsyn til naboane sine utsiktssoner, seier Lars Norekvål, og legg til at kadratmeterprisen er på 27.700 kr.

Konseptet blei i alle fall tatt godt i



Fv. Lars Norekvål og Kjell Frode Lie på byggestaden, der massen skal skiftast ut og tomtena hevast litt slik at det blir fin utsikt frå 2. etasje ut over Boknasundet.



Mot vest



Mot nordaust

mot på Facebook.

- Eg la det ut same dag som annonsa kom ut på finn.no og ho blei mykje delt. Særleg dette med tre soverom blei mykje kommentert, fortel Kjell Frode Lie, til vanleg ambulansearbeidar i Helse Fonna.

Dei trur dette med tre naturlege soverom utan at det går utover arealet i andre rom har ein del å seia for folk. Soveromma er i 1. etasje, saman med bad, vaskerom og bod. 2. etasje har stor stue og kjøkken, wc og utgang til terrassen.

Her er det nøkkelferdig til jul, berre til å ta med seg pysjamasen og tannkosten, smiler Lars Norekvål, som til dagleg jobbar som CFO i DeepWell i Haugesund. Han står også bak Bokn Eiendom, som har bygd og selt åtte leiligheter i Føresvik. Bokn Eiendom har også planlagt ein tomannsbustad ved Boknatur med universal utforming og alt på eit plan. Etterspurnaden avgjer når dette prosjektet blir starta.

# Noreq Fender etablerer base ved Bokn Maritime Senter

Lars Sigvart Hop

**Noreq Fender ble stiftet i 2006 og har vokst gradvis til å bli en stor leverandør av pneumatisk fender til beskyttelse for store skip og sjøbaserte enheter.**

Fra basen på Bokn Maritime Senter vil Noreq Fender leie ut fenderne (**bildet**) til sine kunder på Vestlandet. Selskapet tilbyr fenderne inntil 9 meter lange og 4,5 meter i diameter, men her lokalt er det stort sett fender fra 3-6 meter lengde og 1-3 meter i diameter som er markedet. De vanligste kundene er havner og rederier. Ved bestilling blir fenderne transportert over land eller sjøveien til den aktuelle havnen og leid ut på døgnbasis.

- Bokn Maritime Senter ligger i en stor havneregion på Haugalandet og nær store markeder i Stavanger og Bergensregionen, uttaler Åsmund Lilleas i Noreq Fender AS.

- Som leverandør av spesialprodukter til hele Vestlandet ser vi på Bokn



som god plassering for vår bedrift allerede nå og samtidig er vi overbevist om at dette er et godt strategisk valg for fremtiden. Med Rogfast vil miljøene sør og nord for Boknafjorden smelte sammen til en stor maritim region, fortsetter Lilleas.

Gründer bak etableringen av Bokn Maritime Senter, Gunnar Hop, er

svært tilfreds med å få på plass en ny maritim aktør på Knarholmen.

- I første omgang vil Noreq Fender disponere utendørsarealer, men de har også produkter som egner seg best til oppbevaring innendørs. Sesongen for vinterlagring går mot slutten og vi får snart god kapasitet i hallen. Vi arbeider aktivt med å fylle opp med langsigte leietakere.

## Mobil innsamling

Jardar Havikbotn

**Haugaland Interkommunale Miljøverk, HIM, tar i mot alle typar avfall på miljøstasjonen i Føresvik laurdag 25. april kl. 10:00 – 12:00.**

HIM opplyser om at dette tilbodet gjeld privatpersonar, mot kontant betaling. Prisane er dei same som på dei ordinære mottaka.

Dersom du skal kvitta deg med asbest/eternitt og store vindauge, må dette leverast på Årabrot, Toraneset eller Tongane i Etne.

Tilbodet om mobil innsamling av avfall, som er for abonnentar med lang veg til dei ordinære mottaka, arrangerer



HIM fire gonger i året, to om våren og to om hausten. Dei var her tidlegare i månaden og kjem att 18. og 24. september. Men først er det 25. april.

# Chand på Bokn skule

Jardar Havikbotn



**Det var flott musikk, god stemning og kjendisfaktor i Auditoriet då trønderrockar og MOT-ambassadør Jørund Chand Torsvik og MOT-turneen 2015 var der 10. april.**

Turnefolka hadde ikkje spart på lyd- og lysutstyret under opprigginga. Mixaren trylla fram ein fantastisk lyd og fine lyseffektar, noko som heilt klart var med å gjera konserten til ein suksess. 6. - 10. klasse fekk vera med på den knappe timen hendinga varte, og etterpå var det autografskriving og bildeknipling.

**- Her er me stjerner alle saman på lik linje, fortel Chand til Bokn Bygda-blad.**

Føremiddagsøkta var ei blanding av musikk og korte appellar om MOT sin visjon og verdiar. Den haldningskapande organisasjonen jobbar for og med ungdom, og opplegget med elevar som opptrådte i ei profesjo-

nell ramme gjekk rett inn i intensjonane deira. Ein av MOT-elevane på skulen, Jonas L. Faye, heldt ein fin tale og snakka om den gode effekten MOT har hatt på Bokn skule. Kristina K. Hanssen og Annelin D. Jøsang var konferansierar og Gina G. Johannessen (keyboard) og Ida Havikbotn (vokal) hadde musikkinnslag.

## Stjerner

- Det fine med turneen er at me får møta ungdommane og at dei får møta oss, og det fine med konsertane er at det ikkje er nøye med at eg held på med musikk fast. Her er me stjerner alle saman på lik linje. Me står og gjer ting i lag og det er så fint. Så viss eg kan vekka ein draum i dei slik at dei får lyst til å følga draumane sine og stola på seg sjølv, det må jo vera det viktigaste, sa MOT-ambassadøren Chand til meg etter konserten.

## I AKSJON:

**Frå øvst: Annelin D. Jøsang (tv.) og Kristina K. Hanssen var konferansierar. Gina G. Johannessen (tv.) og Ida Havikbotn hadde musikkinnslag. Jonas L. Faye heldt appell.**



*Chand er ein god ambassadør for MOT.*

Artisten som vann X Factor på TV 2 i 2009, er imponert over alle dei flinke ungdommene dei møter på turneen, alle talentane som bur rundt omkring i landet.

dag. - Eg trur du kan bli det du vil i livet så lenge du trur nok på deg sjølv. Det er viktig å ha mot til å gjera det som er rett for kvar enkelt.

*Bokn gjorde tilsynelatande inntrykk på MOT-turneen. Dei skreiv m.a. dette på nettsidene sine to dagar etter besøket:*

## NYDELIGE BOKN

**Fullsatt sal og stormende jubel på turneukas siste dag.**

Det ble en herlig dag da turneen gjestet Bokn fredag. Teamet ble møtt med en gjeng herlige ungdommer som hadde møtt opp for å ta imot MOT-bussen. Under showet fikk publikum en magisk opplevelse da Ida, sammen med MOT-musikene Kenneth og Kristoffer framførte Whisky Lullaby. MOT-ambassadør Chand er med som artist i april og han framførte to helt nye låter samt Diamanten til stor jubel fra salen.



### Ambassadør

- Som ambassadør trur eg på det å vera eit bra forbilde for ungdomma- ne, og sjå kvar enkelt. Det er noko av det viktigaste ein kan gjera, både som menneske og som ambassadør.

Slik som dagens samfunn er så trur eg det å bli sett blir viktigare og viktigare. Og snakka med dei om verdiar og grunnsyn og ha tru på den dei er, vera stolt over det, og veta at ein får lov å vera den dei er. Chand trur det er ganske tøft å veksa opp i



*Etter konserten var det autografskriving og bildeknipling.*

Eg spurte han om han hadde spelt volleyball i gymsalen kvelden før, slik Alejandro Fuentes gjorde for fire år sidan.

Veka etter besøkte turneen Tysvær, Sveio, Sauda, Stord og Fitjar. Dei held det gåande heilt til 16. juni. Du kan følga MOT-turneen på instagram @mot\_norge og #mot2015, på snap-

chat; mot\_norge eller på  
[www.mot.no/mot-turne-2015/](http://www.mot.no/mot-turne-2015/)

#### MOT-kommune

Bokn er MOT-kommune, og i samband med turnèbesøket blei det gjennomført årsmøte på Boknatun. Her møtte mellom anna ordføraren, som er lokal MOT-leiar, MOT-koordinator Frans Gisle Hansen og rektor Wenche L. Havikbotn. I tillegg møtte Jonas L. Faye og Kristian L. Alvestad, som representantar frå Ungdom med MOT. Ein gjekk gjennom året som har gått og såg på kva

som fungerar bra, i tillegg til planar framover for Bokn som MOT-kommune. Det blei peika på at det er viktig å skapa ei god forankring til det nye kommunestyret etter valet i haust. I tillegg ynskjer ein å føre vidare undervisningsprogrammet ein brukar i ungdomskulen. Dette er eit heilskapeleg, pedagogisk program der elevane møter MOT 14 ganger i løpet av tre år. Programmet har fungert godt i Bokn og målet er å skapa gode rollemodellar i skulemiljøet.

#### Imponert ordførar

Ordførar Kyrre Lindanger var også på MOT-konserten og syntest det var eit flott arrangement.

- Det er hyggeleg at Bokn får dette turnèbesøket. I tillegg til at tilhørarane får oppleva ein konsert av profesjonelt format, får ein høve til å visa fram våre eigne, flotte ungdommar. Samstundes får ein på ein god måte løfta fram grunnverdiane til MOT, som mellom anna handlar om å gjera ungdommane medvitne på eige mot, til å bry seg og til å kunna seia nei, seier han i ein kommentar.



Foto: Kjetil Hamre

## Minneord

### Minneord, Helga Sunde.

Hun ble født på Austre Bokn 20. sept. 1923. Hun vokste opp der og på Fyren. Helga var eldst av to søstre og tre brødre. Foreldrene var Erik og Lina Ognøy. Hun gikk på Sømme husmorskole og var tjenestejente på Sola.

I mai 1943 giftet hun seg med Paul og fikk tre barn, åtte barnebarn og 11 oldebarn. Som gårdbrukerkone måtte Helga ta sin del av gårdsarbeidet. I tillegg jobbet hun på fabrikken i Vigå med rekepilling og hermetikk. Hun hadde en travl hverdag.

Hun var flink med håndarbeid og måtte alltid ha det mellom hendene. Helga broderte også bunader til

barn, barnebarn, oldebarn og for Nordaker. Saniteten var hun også medlem av i mange år.

Helga og Paul var gjestfrie og det var ofte gjester, hadde et åpent hjem. Hun var alltid opptatt av familien, helt til det siste.

Etter at Helga ble alene og ble litt skranten flyttet hun i omsorgsbolig på Boknatun. Hun var veldig omtentksom og omsorgsfull og tok veldig godt vare på alle.

Helga var opptatt av barnebarn og oldebarn og de var glade i henne og var ofte på besøk, både på Boknaberg og senere på Boknatun.

De siste månedene ble hun sengeligende på sjukeheimen hvor hun ble



tatt godt vare på, og sovnet stille inn tirsdag 10. mars.

# Rogfast kan finansierast over 20 år

Tor Geir Espedal

**Statens vegvesen sender endelig finansieringsanalyse for Rogfast på lokalpolitisk høyring.**

Analysen blir sendt på høyring til kommunane Stavanger, Sandnes, Sola, Randaberg, Kvitsøy, Tysvær, Haugesund, Karmøy, Bokn og Finnøy. Planen er at fylkestinget behandler finansieringsanalysen på møtet 9. og 10. juni.

– Dette er nok ein merkedag for Rogfast-prosjektet. Vi ser at det lar seg gjere å bompengefinansiere Rogfast med ei nedbetalingstid på 20 år, seier prosjektleiar i Statens vegvesen, Tor Geir Espedal.

## 14,2 milliardar

Prislappen på Rogfast er berekna til 14,2 milliardar 2015-kroner. Staten bidreg med 2,830 milliardar, resten må finansierast av bompengar. Det er rekna med ei rente på 5,5 prosent. Rogaland fylkeskommune blir beden om å stille garanti for lånet i bompengeselskapet på 16 milliardar kroner.



Framfor tunnelopninga på Laupland.

Prisen på å kjøre gjennom Rogfast blir rundt 300 kroner for bilar og 900 kroner for tunge køyretøy.

## Til Stortinget i 2016

- Når vedtaket er gjort i fylkestinget i juni blir Rogfast-dokumenta sendt til Ekstern kvalitetssikring (KS2). Alle prosjekt til over 750 millionar kroner må gjennom ein slik sjekk, fortel prosjektleiar Espedal.

Viss kvalitetssikringa går som planlagt, kan Rogfast bli behandla i Stortinget våren 2016. Då kan det bli

byggestar mot slutten av 2016, og opning av Rogfast i 2024.

## Rogfast-fakta

- E39 Rogfast består av ein cirka 26,7 kilometer lang undersjøisk tunnel mellom Harestad i Randaberg og Laupland i Bokn.
- I tillegg kjem ein rundt fire kilometer lang tunnelarm til Kvitsøy, samt kryss og veg i dagen i dei tre kommunane.
- Rogfast blir verdas lengste og djupaste (390 meter under havoverflata) vegg tunnel.
- Prisen på Rogfast er rekna til 14,2 milliardar kroner.

## TUR TIL SKUDENESHAVN

Bokn historielag arrangerar **torsdag den 14. mai** (Kr. Himmelfartsdag) tur til Skudeneshavn. Der vil me få god omvising i museet Mælandsgården.

Her får me greie på korleis byen vaks fram, og sjå korleis ein borgarfamilie levde for 150 år sidan. Me får også sjå gamle handverk som prega bybildet, og korleis fiske, sildesalting, handel og sjøfart har dominert byen i eit par hundre år. Omvisinga tar ein ti-

mes tid. Etter det går me den korte turen til Lanternen der me får servert middag. Dersom det er fint ver og det er interesse for å kikka litt på byen etter middag, kan dette la seg gjera.

Turen til Skudeneshavn startar kl. 10.30 med kommunebussen utanfor Boknatun. Dersom det blir fleire påmelde enn bussen kan ta med, blir det organisert felles kjøring med privatbilar for dei resterande. Også personar som ikkje er medlemmer, kan melda seg på. Me vil prioritera at medlemmer får plass i bussen om det skulle bli naudsynt med privatbilar.

Turen i bussen er gratis, det same gjeld omvisinga. Middagen må betalt av kvar enkelt.

## Påmelding innan 10. mai til

Olav G. Larsen i tlf. 95114786 eller Reidar Alvestad i tlf. 45691081

## Bokn historielag



## Ei investering i bygdesamfunnet vårt

Då det først var snakk om fleirbruks-  
hall vart me yre og gleda oss  
stort over at Bokn no skulle investe-  
ra i eit etterlengta forsamlingshus.  
Eit nytt, eigna og tilrettelagt lokale,  
der Bokn sine innbyggjarar ville få  
glede av samlingar og ulike kultur-  
og idrettsarrangement.

Ei daglegstove, som ville vera ein  
naturleg møtestad for aktivitet og  
sosialt samvær.

**Me vart forventningsfulle og tenkte  
at «NO SKAL DET BLI GREIER!».**

### Forventningar

Då planprosessen for fleirbruks-  
hall for nokre år tilbake var i gong, vart  
ein av oss (som representant for kul-  
tureksjonen) invitert til å bli med i  
ein komité som skulle diskutera mel-  
lom anna plassering og kva me ynskte  
oss av denne storsatsinga for kom-  
munen sine innbyggjarar. Forutan  
plassering, var ein oppteken av at  
fleirbruks-  
hallen måtte byggjast slik at  
han var praktisk og anvendelege for  
både idrett og kultur.

For kulturen sin del tenkte ein då på  
dei lokale arrangementa som bingo,  
basarar, julefestar/juleavslutningar,  
bygderevyar, 17. mai-feiringar m.m.,  
men også på moglegheitene for å  
kunne arrangera små og større kon-  
sertar med aktørar utanfrå.

### Møtestad

Bygget kunne romma undervisnings-  
lokale for kulturskulen.

Tanken om å skapa ein møtestad for  
barn og ungdom blussa opp. Her  
kunne det vera musikkundervisning  
(kor, korps, babysong, kulturskule,  
band-/øvingslokale) og fritidsklubb.  
Slik ville det blir eit dagleg møte-  
punkt for dei yngre - der dei kunne  
gå mellom musikkaktivitetar, fritids-



klubb og idrett. Samt at musikkut-  
styr/øvingslokale ville vera nær knytt  
til hovudscena.

### Foajé

Det var snakk om eit inngangsparti  
med foajé med sitjeplasser og kjø-  
ken/kantine. Det ville bli ein sosial  
møteplass for innbyggjarane i alle  
aldrar. Her kunne foreldre opphalda  
seg medan dei venta på borna sine.  
Ein kunne t.d. ha møter, kurs og sosi-  
ale arrangement som sanitetsfor-  
eining, pensjonistforeining, kafé,  
foajékonserter eller andre ynskjelege  
aktivitetar.

### Bokn bygdemuseum og Bokn bibliotek

Bygdemuseet kunne halda til der, og  
til dømes ha temautstillingar i foaje-  
en. Museet ligg i dag ikkje i nærleiken  
av andre kommunale tenester, huset er gammalt, det er til dømes  
ikkje toalett der og ei heller univer-  
sell utforming og parkeringsplass.  
Ved å ha dette i fleirbruks-  
hallen, ville  
fleire få glede av utstillinga og dei  
kulturelle minna museet og bygda  
har å by på. Vidare såg ein kanskje  
også føre seg at det ville vera natur-  
leg å ha biblioteket der.

### Fleirbruks- hall

Ved slik fleirbruk, ville bygget bli eit  
naturleg samlingspunkt for dei dagle-

ge aktivitetane i bygda. Boknarane  
ville ha fått ein fleirbruks-  
hall som  
famna om det meste og som kunne  
bli den møtestaden som mange av  
oss saknar – og som er så viktig for  
boknarane sin trivsel og framtid.

### Kva om gymnastikksalen blir fjerna?

Me frå kultureksjonen stiller oss  
noko undrande til at me ikkje blei  
inviterete til å vera med i planarbeidet  
i runde nummer to. No er  
«fleirbruks-  
hallen» redusert til å vera  
ein idrettshall. Og forstå oss rett,-  
sjølv sagt tykkjer me det er bra at  
kommunen skal få eit flott idrettslo-  
kale! Men me tykkjer det er synd at  
kommunen satsar så store verdiar i  
eit bygg som berre skal brukast til  
idrett, når me veit at bygda treng eit  
forsamlingshus – der også det kultu-  
relle årshjulet er teke med. Eitt av  
argumenta for plasseringa av hallen  
er at elevane skal bruka idrettshallen  
i skuletida. Kva då om gymnastikksa-  
len blir bygd om til undervisnings-  
rom?

Kvar har me då «storstova» vår?

### Praktiske løysingar

Eit arrangement i gymnastikksalen  
krev mykje riggearbeid. Det går ofte  
mange timer med til å bæra instru-  
ment og utstyr frå og til andre rom  
på skulen, – i tillegg til tida det tek å

kopla alt opp og ned før og etter bruk.

Somme av oss har reist rundt i landet og opptrødd i fleirbrukskellar og kulturhus og har då med stor interesse studert korleis dei praktisk har løyst utforminga av bygget.

I ei ny storstove er det mogleg å leggja til rette for at utstyr meir eller mindre står klart til bruk, utan mykje fysisk og tidkrevjande for- og etterarbeid. Det er nærmest berre å trykkja på ein «på-knapp». Mange av stolane er også klare til bruk. «Tribuna» står montert heilt inntil ein vegg, slik at det berre er å dra ho ut på golvet, og eventuelt supplera med lause stolar. Me ville gjerne delteke og nytta desse erfaringane i planarbeidet.

#### Kostnadars

Der det har vore høve til det, har ein snakka med tilsette, eventuelt eigarane, om byggekostnadane av ein slik

fleirbrukskulturhus. Kostnadane varierer sjølvsagt noko etter storleik og bruk, men dei hallane som kan vera noko for vår bygd, har hatt ein prislapp på rundt 25 – 35 millionar kroner. Me veit at me kan få ein fleirbrukskulturhall til idrett og kultur for rundt 33 millionar kroner. Kvifor skal me då heller byggja ein idrettshall, som ikkje er tilrettelagt for andre kulturelle aktivitetar, til ein prislapp på kr. 39 millionar?

Den tanken er det vanskeleg å hengja seg på.

#### Ver så snill: Tenk framover!

Bygging av idrettshall eller fleirbrukskulturhall vil uansett vera ei stor investering for kommunen vår. Og det er flott at kommunen satsar! Men når ein tenkjer på behovet bygda har for eit forsamlingshus, må det vel vera viktig at me får mest mogleg ut av bygget og pengane når ein først skal satsa?

Me tykkjer det vil vera feil bruk av innbyggjarane sine pengar og framtidinvestering ikkje å ta omsyn til dette. Marerittet må vera at me får opp ein idrettshall, og at me i etterkant ser behovet for fleirbrukskulturhall. Då vil me antakeleg ikkje ha råd, eller hallen vil bli mykje dyrare enn han hadde trengt å vera. Og sidan han då i utgangspunktet ikkje er konstruert som forsamlingshus og det difor ikkje er teke omsyn til scene, lyd, akustikk og praktisk utforming knytt til det, vil me igjen stå att med eit lokale som ikkje er godt eigna og tilrettelagt for kulturelle arrangement som kan gagna heile bygdesamfunnet.

#### Med beste helsing

**Anne Tove Øvrebø**

**Jardar Havikbotn**

**Linda Ognøy**

**Venevil Birkelund**

**Wolfgang B. Ognøy**

**Cecilie Odland**

## Honnør til Bokn sjukkestove og Bokn kommune

### Honnør til Bokn sjukkestove og Bokn kommune i deres omsorg og behandling av gamle og pleietrengende boknerar.

I den siste tiden har det vært veldig mye fokusert i media om hvor dårlig det står til med pleie og omsorg for de gamle rundt om i landet. Mangelen på sykehjemsplasser og tid til å ta seg av våre eldre på en verdig måte. Jeg har her lyst til å få gi en honnør til Bokn sjukkestove om hvordan vi opplevde det da vår mor Bertha Våge ble akutt syk og trengte ekstra omsorg.

Hun ble på dagen tatt inn på sjukkestova - om det så var på "badet" hun fikk plass, som var det eneste ledige rommet, så fikk hun den hjelpe hun da trengte av en omsorgsfull lege og

fantastiske pleiere.

Alle var og så imøtekommende med oss tre døtrene og lot oss ta del i mors behandling og planer om at hun skulle få komme tilbake til sin omsorgsbolig.

Oppholdet tok litt lengre tid enn vi først hadde forventet, men personalelet var alltid like tålmodige og blide

- me tar den tidå hu trenge. Når mor så var så bra at hun kunne flytte tilbake til leiligheten sin var de raskt på plass med tilbud om den hjelpe og de hjelpermidlene hun trenger for å klare seg best mulig selv. Veldig viktig for mor og for oss tre døtrene, som alle

bor i Stavanger, og vite at hun har det trygt og godt og får den omsorg hun trenger og som alle våre gamle fortjener.

### SÅNN BURDE ALLE VÅRE FORELDRE I ALLE KOMMUNER HATT DET.

**En STOR TAKK fra døtrene Anne Marie, Margaret og Jorunn.**



**Bokn sjukkestove.**

**Foto: Jardar Havikbotn**

## Nye veinavn i Føresvik

**Vi er nå kommet langt ut i 2015, og mange har fått nye adresser. Flere av oss som bor i den opprinnelige Leirgrovvegen, har noe vi lurer på.**

Endringene kom i gang på grunn av tidligere klager på navnebytte. Noen på et navn de bare hadde hatt i et par år. Vi som bor i den delen av Leirgrovvegen som ikke byttet navn, og som har hatt dette som adresse helt siden de første gatenavnene ble utdelt, skulle nå få et helt nytt navn. Hvorfor?

Det ble sendt en protest på mail i november 2011, og et brev med flertallet av beboerne sine underskrifter, stemplet 16. desember 2013. Dette ble stemplet ved levering, og kopiert

med dato! I høringsbrevet står det at fristen var satt til 21. desember 2013.

Etter å ha blitt konfrontert med at brevet ikke ble levert i tide, ble brevet og "fristbrevet" vist til ordføren, som skulle ta dette videre. Nå, flere måneder etter, sier folk fortsatt at ikke brevet kom inn før fristen var gått ut. Håper det stopper nå. Jeg har brevene, hvis noen vil se. Hva hadde vært god nok grunn til å få stoppet endringen? Hvorfor gis det en frist for å komme med innspill, når flertalts vilje ikke var nok?

Blant beboerne er og var det mange eldre og alvorlig syke. Kunne ikke veiene fortsatt ha navnet Leirgrovvegen, i stedet for å skifte alt til Stab-



**Veiskiltbilde.**

*Foto: Kyrre Lindanger*

burvegen? Og var det nødvendig å ta Leirgrovvegen ned et gatetrinn? Det sto i brevet at det skulle hete Leirgrov!

Håper noen vil gi oss et svar på dette!

**På vegne av flere, Torhild Svendsen**

## Alle har en rolle

### Politiske roller

Politikk består av en posisjon og en opposisjon. Opposisjonens oppgave er å kontrollere det posisjonen gjør og arbeide frem konstruktive løsninger. Noen ganger er løsningene samsvarende med posisjonens, andre ganger ikke.

### Samarbeidsavtale

I valget 2011 kom Senterpartiet i opposisjon etter at Ap valgnatten overraskende godtok Høyres bindende avtale. Avtalen var et taktisk politisk trekk som i realiteten ga Høyre makten de neste 4 årene. Vi tillater oss å si at den signerte avtalen burde vært offentliggjort all den tid den er styrende for politikken i Bokn, og beskriver hva partiene er bundet opp til.

### Fler brukshall

I denne kommunestyreperioden i Bokn har bygging av fler brukshall vært en engasjerende sak av de sjeldne. Det i seg selv er utrolig viktig. Her har posisjon og opposisjon hatt ulike løsningsforslag. Senterpartiet har vært klare på at vi ønsker å se hallen i sammenheng med om skolen skal rehabiliteres, eller om det

lønner seg å bygge ny. Det foreligger rapport som beskriver stort vedlikeholdsetterslep, og at nybygg og samdriftsfordeler kan være fornuftig. Hallen burde således vært klargjort for tilknytning av nytt skolebygg. Vi ville også plassere hallen slik at beboede hus ikke måtte rives. En fler brukshall bør være til nytte og glede for alle på Bokn. Hallen bør fungere både som kulturhus og idrettshall. Sp mener at hallen må bedre tilpasses kulturformål, som for eksempel med scene, om hallen skal kunne erstatte gymsalen.

### Vedtak

Disse ulike synspunkter mener vi posisjonen må klare å leve med uten å føle seg motarbeidet. Vi leverer våre løsninger og forslag, og argumenterer for dem inntil det er gjort vedtak om hvor hallen skal plasseres og hvordan den skal se ut. Slik vedtak er enda ikke gjort. Den dag kommunestyret fatter et vedtak om hvor og hvordan hallen skal være, vil vi stille oss lojalt bak dette og jobbe for å ferdigstille det vedtatte prosjekt.

### Rogfastutvalget

Om en har ulike løsninger på et felt,

råder likevel enighet på andre felt. Sp var med og tok initiativ til å etablere Rogfastutvalget. Dette har som oppgave å ivareta interessene for Bokn i forbindelse med planlegging og bygging av Rogfast. Politisk består utvalget av to fra partiene SP, H og AP, mens ordfører har møterett. Utvalget har fungert svært godt og effektivt, og det er fremforhandlet avtaler som kan gi Bokn store gevinster fremover. Blant annet skal Statens Vegvesen bidra i nytt og etter lengtet vannverk, berørte lokalveier utbedres, brannberedskap styrkes og alle steinmasser fra prosjektet tilfaller Bokn.

### Fremtiden

Til høsten er det nytt valg og kabalen skal legges på ny. Neste periode blir en av de mest utfordrende og spennende i Bokns historie. Skole, sykehjem, gode tjenester for Bokns innbyggere, Rogfast og kommunereform er noen av utfordringene. Senterpartiet stiller en liste med topp motiverete representanter som er klare for å gjøre en fremragende jobb for Bokn. Vi ser frem til en ny og spennende periode de neste fire årene.

## NORGE I RØDT, HVITT OG BLÅTT


Hvor hen du går i li og fjell en vinterdag,  
en sommerkveld ved fjord og fosseveil,  
fra eng og mo med furutrær,  
fra havets bryn med fiskevær,  
og til de hvite skjær,  
møter du landet i trefarvet drakt,  
svøpt i et gjenskinn av flaggets farveprakt.

Se, en hvitstammet bjerk oppi hei  
rammer stripen på blålklokker inn  
mot den rødmalte stuen i veien;  
Det er flagget som vaier i vind.  
Ja så hvit som det hvite er sneen,  
og det røde har kveldsolen fått,  
og det blå gav sin farve til breen,  
det er Norge i rødt, hvitt og blått.

En vårdag i en solskinnsstund på benken i  
Studenterlund der sitter han og hun,  
to unge nyutsprungne russ,  
to ganske nylig tentte bluss,  
i tyve grader pluss.  
Hun er som en gryende sommerdag  
som farves av gjenskinnet fra det norske flagg

Ja, så hvit som det hvite er kjolen,  
og så rødt som det røt` hennes kinn,  
hennes øyne er blå som fiolen,  
hun er flagget som vaier i vind.  
Han har freidig og hvitlugget panne,  
og en lue i rødt har han fått.  
Med en lyseblå tiltro til landet  
står vår ungdom i rødt, hvitt og blått.

## 17. mai 2015



### KONGESONGEN

Gud sign vår konge god  
Sign han med kraft og mot  
Sign hjem og slott!  
Lys for ham ved din ånd  
Knytt med din sterke hånd  
Hellige troskapsbånd  
om folk og drott!

### NASJONALSONGEN

1. Ja vi elsker dette landet som det stiger frem,  
furet, værbitt over vannet med de tusen hjem,  
elsker, elsker det, og tenker på vår far og mor  
og den saganatt som senker drømme på vår jord,  
og den saganatt som senker, senker drømme på vår jord.
5. Norske mann i hus og hytte, takk din store Gud!  
Landet ville han beskytte, skjønt det mørkt såg ut.  
Alt hva fedrene har kjempet, mødrene har grett,  
har den Herre stille lempet, så vi vant vår rett.  
Har den Herre stille lempet, så vi vant, vi vant vår rett.
6. Ja vi elsker dette landet som det stiger frem,  
furet værbitt over vannet, med de tusen hjem.  
Og som fedres kamp har hevet det av nød til seir,  
også vi, når det blir krevet for dets fred siår leir.  
Også vi, når det blir krevet for dets fred, dets fred siår leir.

# PROGRAM 17. MAI 2015

- 06.30 Salutt fra Boknafjellet  
 08.00 Kaproing i Hålandssjøen  
 10.30 Gudsteneste i Bokn kyrkje  
 11.15 Oppstilling til folketog  
 Folketoget går fra kyrkja, veg om barnehagen til Boknatur  
 Musikkorpset spelar ved Boknatur  
 12.00 Kiosksal og matservering startar på skulen  
 På skulen: Velkommen ved Unni W. W. Høivik  
 Appell til ungdomsskulelevar  
 Allsong: Norge i rødt, hvitt og blått  
 Festtale ved Jan Spurkeland  
 Allsong: Fagert er landet
- 13.30 Trialoppvisning  
 13.45 Leikar for barn og vaksne  
 15.00 Spurkeland/Boknakoret: Boknaviser  
 Treningar – premieutdeling  
 Avslutting – allsong: Ja, vi elsker
- Bokn hagelag  
 Odd Grønnestad  
 Bokn båtforening  
 9. klasse  
 Bokn musikkorps  
 Bokn skyttarlag  
 Bokn KFUK-KFUM Speidrar  
 Bokn idrettslag  
 Havnavegen velforening  
 Austre Bokn Bygdalag  
 BORK
- - pynting  
 - salutt  
 - kaproing i Hålandssjøen  
 middag, kaker, kaffi  
 musikk, tombola, pil- og balkast,  
 luftgeværskyting  
 karusell  
 trial, kiosk, barneleikar  
 lykkehjul, popcorn  
 spikerslåing  
 barneridning



Fagert er landet du oss gav,  
 Herre vår Gud og vår Fader.  
 Fagert det stig av blåe hav.  
 Soli ho sprett og ho glader.  
 Signar vårt land i nord og sud,  
 Soleis di åsyn lyser Gud,  
 Yver vårt Noreg i nåde.

Tidi ho renn som elv mot os.  
 Fort skifter sumar til vetter.  
 Fader ver alltid Noregs los,  
 Rådt til dei seinaste ætter.  
 Herre vår Gud, vår Noregs Gud,  
 Varda vårt land frå fjell til flud.  
 Lær oss å gå dine vegar.

Signa då Gud vårt folk og land.  
 Signa vårt strev og vår møda.  
 Signa kvar ærlig arbeidshand,  
 signa vår øker med grøde.  
 Gud utan deg den vesle urt,  
 veiknar og visnar, bleiknar burt.  
 Ver du oss ljøset og livet.

# Kulturkalenderen

## Endringar/nye arr.

### April

24. Kino i Auditoriet, sjå neste side  
25. Mobil avfallsinnsamling, sjå s. 5  
25. BoknOpp, sjå s. 25  
26. Bingo kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps  
26. Gudsteneste kl. 18.00 - Ung messe, samtale-gudsteneste  
27. Bokn bedehus: bibellesing kl. 18.00  
28. Forvalningsstyremøte i formannskapssalen kl. 19.00  
30. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30

### Mai

03. Gudsteneste kl. 11.00 - Konfirmasjon  
05. Formannskapsmøte i formannskapssalen kl. 17.00  
08. Kino i Auditoriet  
11. Bokn bedehus: bibellesing kl. 18.00  
**14. Tur til Mælandsgården, Skudeneshavn, sjå s. 9**  
15. Løftefornyng, Bokn KFUK-KFUM  
17. Gudsteneste kl. 10.30  
20. Bokn bedehus: soknerådsmøte kl. 19.30  
22. Kino i Auditoriet  
24. Gudsteneste i Tysvær kl. 11.00 -  
Felles for Bokn og Tysvær

26. Forvalningsstyremøte i formannskapssalen kl. 19.00  
28. Møte i Kontrollutvalet, Allrommet kl. 18.00  
30.-31. Blikshavn-leir for Stifinnarane, Bokn KFUK-KFUM  
31. Gudsteneste i Loten kl. 11.00 -  
Felles for Bokn og Tysvær

### Juni

03. Bokn sanitetsforening har basar på skulen kl. 19.00  
05. Kino i Auditoriet  
05.-06 Overnattingsleir for Oppdagarane, Bokn KFUK-KFUM  
08. Møte i Rådet for eldre og funksjonshemmede, formannskapssalen kl. 17.00  
09. Formannskapsmøte i formannskapssalen kl. 17.00  
14. Bokn bedehus: Normisjon kl. 19.00  
16. Kommunestyremøte i Allrommet kl. 19.00  
19. Kino i Auditoriet  
21. Gudsteneste kl. 11.00  
23. St.Hans feiring og 25 års fest kl. 18.00 på nærmiljø-anlegget. Arr. Bokn KFUK-KFUM

### Juli

11. Sommarmarknad på kaien i Føresvik kl. 11:00 - 15:00

## GRATULERER!



**Linnea Elisabeth Palmer - 4 år, 12. april.**

Hipp hipp hurra for prinsessen vår, Linnea Elisabeth, 4 år, 12. april!

Masse glad i deg, stora jentå.

**Klem fra 3 storesøstre, mamma og pappa**



**Olav Georg Larsen - 70 år, 19. april.**

Hipp hurra og gratulerer til verdens beste Olav på fødselsdagen søndag 19. april!

Masse gratulasjoner fra ektefelle Kari og fra familie i Bokn, Haugesund, Bergen og Oslo.



**Tiril Kristine Jøsang Alvestad - 1 år, 13. april.**

Me vil gratulera den herliga jentå vår med 1 års dagen 13. april.

Me er kjempeglade i deg.

**Hilsen mormor, morfar, tante Sandra og onkel Roar.**



**Isa Johanna Geitung Vaage - 5 år, 22. april.**

Hipp hurra for minstejenta i familien, Isa som har blitt 5 år allerede!

Vi er kjempeglade i deg!

**Klem fra bestemor og bestefar.**

# Bokn Bygdablad for 25 år sidan

FRA NR. 3 1990

## PETRA PÅ TUR

Fredag den 16.februar reiste fri-tidsklubben "Petra" på tur til Sauda. Me reiste frå Føresvik kl. 16.00, og då me kom til Austre Bokn stod det buss og venta på oss. Bussen leidegde me av Haugaland Billag, og Gunnar Sæbø var med som sjåfør. Me blei også sponsa av SR-Bank, så me markerte buss og bager med SR-Bank klistremerker. Derved begynte turen til Sauda. Sjølv om vegen var glatt, kom me oss fram til Sauda i 19-tida.

Då me kom fram fekk me hytter og måtte pakke ut. Etterpå måtte me så følgelig ha mat, så me sette i gang med å koke suppe. Det var godt med mat etter bussturen. Utpå kvelden/natta begynte heile gjengen å bli trøtta, så me før på hyttene å la oss.

Lørdagsmorgen stod me tidleg opp, fordi me skulle opp i slalombakken. Me før opp i slalombakken i halv 10-tida. Dei som ikkje hadde skiutstyr med seg kunne leiga på skisenteret. Mesteparten stod slalom, men dei som ikkje ville kunne sitte inne på varmestua å sjå på dei andre som rann. På varmestua var det fjernsyn, kafé og god utsikt over slalombakken. Veret var ganske bra i slalombakken, sjølv om det snøa ein del. Me var i slalombakken til kl. 16.00.

Seinare på kvelden fekk me leige TV-stova i Saudasjøen, der me låg, og på TV-stova hadde me underholdning. Me hadde ein underholdningskomité som stod for underholdninga, og dei gjorde ein god jobb. Då dei stengte på TV-stova før me å la oss.

Søndag morgen då me vakna var det ute. Men me ville opp i slalombakken for det.

Det var ikkje alle som ville stå slalom i dag. Men nokon likte seg visst ute i regnet.

Klokka gjekk og me måtte tenka på heimturen. Me reiste frå Sauda i 17-tida. Det var ein trøtt gjeng som sat på bussen. I 18.30-tida var me heime på Bokn att. Alle var nok enige om at me hadde hatt ein kjekk tur.

Me i fritidsklubben vil gi ein spesiell takk til Tove Langvik, Olav Rossebø, Tor Kjell Foss og Arne Øvrebø som var ledarar på turen. SR-Bank må også takkast for sponsinga. Og Gunnar Sæbø som tok på seg jobben som sjåfør fortjener også ein takk.

For utan ledarar og sjåfør hadde det ikkje blitt nokon tur.

# Konfirmantar 2015

Jardar Havikbotn

Det er eit sikkert våreteikn frå Bokn skule når elevar i 9. klasse er klare til å konfirmera seg.



Bak fv. Sara Oksnes, Sander Alvestad, Johan Rossebø, Audun Andre Hausken Heskja, Karen Drilen Jøsang, Valentin Petunov og Kristian Lie Alvestad.

Midten fv. Celine Våga, Jørgen Nilssen, Annelin Dagsland Jøsang og Emilie Alvestad Espestad.

Framme fv. Roar Sæbø Tjøsvoll og Jan Robin Jøsang.

Audun Andre Hausken Heskja, Jan Robin Jøsang, Roar Sæbø Tjøsvoll og Celine Våga skal konfirmerast i Festiviteten 25. april. Valentin Petunov tilhører Den russisk-ortodokse kirke og skal ikke konfirmerast. Resten blir konfirmerte i Bokn kyrkje 3. mai.

Bygdabladet gratulerer!

## På kino i Auditoriet 24. april



Annie kl.

18:00 og

Age of Ultron

kl. 20:00

Kiosk frå kl.

17:30

Velkommen!

Den populære musikalen *Annie* er tilbake i en ny, frisk drakt i denne oppdaterte fortellingen om barnehjemsjenta Annie som aldri sluttet å tro på morgendagen.

Action-eventyret *Age of Ultron* har i skrivande stund ingen omtale.

## Omsetning av eigedomar i Bokn

Kjelde: Statens kartverk

**Gnr 9, bnr 14, seksjon 11** er overdradd fra Stol Paul as til Stol Paul Holding as **(03.02.2015)**

**Boknatunvegen 48 B (Gnr 9, bnr 150, seksjon 2)** er overdradd fra Christian Stevnebø og Natalie Grønnestad Våge til Venke Grønnestad-Våge og Odd Sigve Våge **(23.02.2015)**

**Fyrvegen 9 (Gnr 11, bnr 161)** er overdradd for kr 2.000.000 fra Odd Sigve Våge til Tron Erling Vikøren og Natalie Grønnestad Våge **(23.02.2015)**

**Lodavegen 570 (Gnr 20, bnr 16)** i Bokn kommune er overdradd fra Olav Vetvik til Erna Marie Vetvik **(03.03.2015)**

Overdragelsen omfatter også Nordre Liknesveg 97 (Gnr 20, bnr 68) i Karmøy kommune

**Lodavegen 570 (Gnr 20, bnr 16)** er overdradd for kr 350.000 fra Erna Marie Vetvik til Magnar Vetvik **(03.03.2015)**

**Gnr 3, bnr 52** er solgt for kr 52.522 fra Kari Christensen og Olav Georg Larsen til Torill Eline Staalesen **(09.03.2015)**

**Gnr 11, bnr 304** er solgt for kr 124.410 fra Bokn kommune til Per Arthur Våge **(12.03.2015)**

**Gnr 11, bnr 303** er solgt for kr 124.440 fra Bokn kommune til Magne Jordbrekk Ognøy **(12.03.2015)**

**Andel av Føresvikvegen 8 (Gnr 9, bnr 3)** er overdradd fra Judith Ellen Marie Mydland til Arve Jæger Mydland **(23.03.2015)**

**Andel av Føresvikvegen 8 (Gnr 9, bnr 3)** er overdradd fra Arve Jæger Mydland til Frode Jæger Mydland, Gro Marie Mydland, Svein Mydland og Anne Grethe Jæger Tjøsvoll **(23.03.2015)**

**Andel av Føresvikvegen 8 (Gnr 9, bnr 3)** er overdradd fra Erna Waage til Karin Cecilie Hjelmaas Larsen, Bjørn Gismervik og Thorleif Waage Gismervik **(23.03.2015)**

## Fasteaksjonen

Jan Magne Moi

Det blei ny rekord for Fasteaksjonen 24. mars.



Det er åtte konfirmantar i kyrkja i år, så kvar konfirmant fekk lang rute. Så vart to sjuke i tillegg! Men alle hus fekk besøk sjølv om søkerådet måtte hjelpe til der folk mangla. 20 265 kroner kom inn og det er ny rekord.

Innsamla midlar går til Kirkens Nødhjelp og kjem vel med til vatn og andre heilt nødvendige ting for menneske i naud.

Innsamlingsaksjonen vart avslutta med offer under gudstenesta 29. mars.

## Dåpsskule på Bokn

Marit Sofie Teistedal Vikre

I februar og mars arrangerte kyrkja dåpssku-  
le for born som går i 1.og 2.klasse.

På dåpsskulen var det 5 samlingar. Som avslutning var det gudsteneste i Bokn kyrkje på Palmesøndag, der dåpsskulen hadde opptrinn

og song. I kyrkja fekk alle utdelt boka «Tre i eit tre.»

På samlingane var det samlingsstund med song, bibelforteljing og høgtsing. Frukt og medbrakt niste sto på menyen kvar gong, og det var også tid til hobbyaktivitet der borna kunne ta med seg det ferdige produktet heim.



# Bokn og okkupasjonen

Birger Lindanger

**9. april er det 75 år sidan landet - og Bokn - blei hærteke av ei framand makt. Det kom som eit sjokk og ei stor overrasking. Folk visste lite kva som eigentleg hadde skjedd og koss framtida ville bli. Kommunepolitikarane i bygda hadde lært av den fyreste verdskrigen og førebudde seg på det verste.**

## Sløkte fyr

Om kvelden 8. april 1940 såg boknarane som budde slik til, at Geitungen og Kvitsøy fyr blei sløkte sameleis som Fjøløy fyr og også



*I ti-tida om kvelden 8. april blei fyra sløkte. Ikkje minst sette det ein støkk i boknarane at Kvitsøy fyr blei sløkt. Dette varsla ille.*

andre fyr langs kysten. Likevel gjekk boknarane til sengs og sov trygt. Krigen var noko som herja langt borte og det var utenkjeleg at Hitler ville kunna koma sjøvegen.

Til det var den engelske flåten for sterk. Men då boknarane tok til å stella i fjøset i seks-tida neste morgen, hørde dei flydur. Dei siste månadane var det stasjonerte mange militære fly på Sola, så boknarane var ikkje ukjende med braket av fly. Det var i morgonkumringa og dei var heller ikkje så enkle å få auga på.

Etter mjølkinga og fjøsstellet gjekk mange inn for å få seg ein skvett kaffi. Nokre la også merke til fjerne og dumpe drønn sør på Jæren, men la lite vekt på det. Det var vel ei av

dei vanlege militærøvingane der sør. På Vatnaland sto nokre av jentene og speida mot sør, det såg ut til å vera som eit stort fyrverkeri på Sola. Sidan når det blei bomba på Sola flyplass, gjekk folka på Vatnaland opp på haugen Vandåg for å speida mot sør kva som var i ferd med å skje.

Dei som hadde radio og skrudde på, fekk seg ei overrassing. Ei alvorstung røyst kunne fortelja at tyske krigsskip hadde gått til angrep på Noreg. Nokre gjekk då opp på haugar og berg og speida sørover. Der kunne dei høyrta fjerne drønn og sjå røyk som steig opp: Det var åtak på Sola flyplass og flyangrep mot den norske jagaren *Ægir* i Åmøyfjorden.

Klokka 11 fall Stavanger kringkastar ut, tyskarane hadde teke han. Julius Håland var sjølv frå Håland vitne til krigshandlingane på Jæren. Det var ikkje godt å vita kva som nå fylgde av blokade og svikt i forsyningane. Difor kalla han same dagen inn forsyningss nemnda til møte i Føresvik.

## Kva vil skje med Bokn?

Alle møtte, og det var ei alvorstung stund. Landet var i krig, store område var okkuperte, kva ville skje med



*Då boknarane vakna om morgonen 9. april såg dei tyske rekognoseringsfly på veg nordover.*

Bokn? Og ikkje minst, kva med forsyningar om det til dømes blei ein blokade?

Under napoleonskrigane førde dette til omfattande hungersnaud og også under den fyreste verdskrigen var det stor svikt på nødvendige varer.

## Dette blei notert:

"1. Då ein kjenner til at dei handlande i distriktet har svært små lager av matmjøl finn forsyningss nemnda at ein på grunn av krigssituasjonen må setja ned dei rasjonar som no gjeld. Som førebels ordning vert fastsett 2 kg mjøl pr husstandsmedlem." Kopi av møtereferatet til forsyningss nemnda 9.april 1940

Det blei då slege fast at det kring i krambuene var lite lager av matmjøl. Difor blei rasjonane sette ned til to kilo for kvart husstandsmedlem.

Også ordførar Jens Vatnaland tok inn over seg alvoret og kalla inn til det første formannskapsmøtet i krigstid alt laurdag 13. april, same veka som angrepet starta. I det heile starta det nå ein hektisk møteaktivitet for å få kontroll over utviklinga, ofte eit par gonger i veka for formannsskapet og forsyningss nemnda.

Møtet den 13. starta utan noka eigentleg saksliste, men meir som ein samtale om den vanskelege stoda bygda var komen i i samband med krigen. Vidare drøfta dei koss framtida kunne sjå ut for Bokn og kva kommunen kunne gjera for å letta på vanskane. Ei hovudutfordring var det at Bokn sidan krigsutbrotet 9. april hadde vore heilt utan rutesamband slik at både posten og alle tilførsle av nødvendige varer hadde stoppa opp.

## Kvar kommune får greia seg sjølv som best dei kan!

Formannsskapet konkluderte med å oppmoda forsyningssnemnda om – i samråd med dei fire handlande i bygda – snarast mogeleg å skaffa det som trongs av varer til heradet. Vidare fekk nemnda i oppgåve å laga ein rasjoneringsplan for kor mykje kvar boknar kunne kjøpa av dei ulike vareslaga.

Dinest blei jordstyret oppmoda saman med dei handlande å skaffa det som trongst av såvarer, kraftfør og gjødsel og dessutan å fordela det mellom bøndene.



Jens Vatnaland var ordførar då krigen braut ut og laut ta ansvar for å sikra bygda i ei usikker tid.

Som nemnt blei postgangen kutta, men til sist, truleg kring 15. april, kom det endeleg fram eit brev frå fylkesmannen om at nå laut kvar kommune greia seg sjølv som best han kunne. Generelt rådde han kvar kommune til å skaffa seg oversikt over ressursane i bygda og uansett driva så sparsamt som råd. Dessutan laut politikarane leggja tilhøva til rettes slik at den kommunale forvaltinga kunne haldast i så god gjenge som råd. Alle utgifter som ikkje var absolutt nødvendige laut utsetjast og i nokre samanhengar ville det

bare vera råd å driva med delvise utbetalingar.

Dette blei fylgd opp eit par dagar etter med eit fellesmøte mellom formannsskapet og forsyningssnemnda. Før dei gjekk frå kvarandre var rasjoneringsplanen klar. Såleis hadde kvar boknar kvar veke rett på to kilo mjøl alternativt 2,5 kilo brød, 150 gram sukker, 50 gram kaffi og dessutan eit halvt kilo smør for resten av april månad. I dagane som fylgde starta eit hektisk registreringsarbeid over kva som fanst av matvarereservar, særleg matmjøl, gryn, sukker, kaffi og smør i bygda. Det var ein kraftig reduksjon i forhold til kva som hadde vore før. Dessutan blei det også innført rasjonering på varer som hadde vore fri tidlegare.

### Eksportforbod frå Bokn

Den 17. april sende også formannsskapet etter eit fellesmøte med jordstyret ut eit pålegg om at alle måtte ta vel vare på poteter, mjøl og korn og kva som elles kunne brukast til folkemat. Det formante også om å unngå å gje korn, mjøl eller poteter som kunne brukast som folkemat til buskapen. Det blei jamvel innført forbod mot å selja desse vareslaga or bygda før det var klargjort kva

som trongst i Bokn. Dessutan blei det sett maksimumsprisar på havrekorn og poteter.

Tri dagar etter samla formannsskapet seg på ny til møte. Problemet var at Bokn heller ikkje fekk tilførsler av kontante pengar. Mellom anna var 50% av lærarlønene tilskot frå stat og kommune. Formannsskapet rekna med at desse pengane vanskeleg ville koma inn nå når kontakten med omverda var kutta. Det gjorde difor vedtak om at lærarane bare kunne få utbetalt halve løna si – altså det tilskotet kommunen elles skulle yta.

### Hektisk møteverksemد

Sidan niande april var det altså ein hektisk møteverksemد både for formannsskapet, jordstyret, forsyningssnemnda og fattigstyret. Og den 17. april blei for fyrste gongen under krigen formannsskapet innkalla mellom anna for å strø sand på alle vedtaka som var gjort på ulike nivå.

Attåt heradsstyremedlemmane, var også Sigval Loten, formann i fattigstyret, innkalla. På grunn av krigen hadde nemleg to familieforsytar meld frå at dei ikkje lenger makta å



Alvestadkroken ni år etter at krigen baurt ut. Rett nok er moloen komen på plass, men det gjev eit inntrykk av koss det var med busetnad her under krigen.

halda dei pliktene dei hadde som familieforsytarar. Ja, dei var jamvel ute av stand til å skaffa familiene sine det som trøngst av mat og klede. Om dei ikkje fekk hjelp, ville både vaksne og born svelta! Men nå var mest alle forsorgsmidlar brukte opp.

Saka blei drøfta i heradsstyret som konkluderte med at ein måtte rekna med at talet på trengjande ville auka vesentleg i løpet av krigen. Det blei difor sett av 1500 kroner til direkte, økonomisk hjelp. Dessutan blei det vedteke at Lodavegen skulle starta opp som eit sysselsetjingstiltak, men bare med trengjande familieforsytarar som arbeidarar.

#### Kvar skaffa trygge lager?

Den store utfordringa var likevel å sikra trygg tilgang på mat. Medlemmane i forsyningsutvalet sto personlege ansvarleg med omsyn til at forsyningane blei forsvarleg lagra, eit ansvar dei bad kommunen om å få sleppa. Det blei likevel avslag.

Utfordringane sto i kø også for heradsstyret, og den 4. mai, var det møte att. Temaet var kor mykje korn kommunen skulle sikra seg på lager. 400 sekkar trøngst, meinte ein, og ein tenkte seg kjellaren i den nye skulen på Austre Bokn som lager.

Mest heile det kommunale fokuset – og hjå folk flest – låg i desse tider på å sikra matvaretilgangen og nødvendige utstyr til fiske og jordbruk. Mest alle saker som var oppe i dei kommunale utval dreidde seg om forsyningssituasjonen. Fyrst sist i mai tok så smått også andre saker til å koma opp til handsaming. I samband med heradsstyremøtet 25. mai dreidde fire av dei ni sakene seg om anna enn det som hadde med forsyningssituasjonen å gjera. Av desse, galdt ei sak godkjenning av rekneskapen til trygdekassen. Det dreidde seg vidare om å hjelpe ein kar som var



*Kanonstilling i Loten.*

*Foto: Karmøy folkebibliotek*

blitt alvorleg sjuk med vedlikehald av løa hans, ein søknad til departementet om å sleppa å velja edruskapsnemnd og endeleg blei det etter ynskje frå soknerådet sett ned eit folkeopplysningsråd med Guttorm Trahaug som formann.

Arbeidet med å sikra forsyningane blei etter kvart så omfattande, at ein ikkje kunne venta at alt skulle gjerast på fritida. Frå 4. mai blei det å vera leiar og forretningsførar for forsyningsnemnda løna med 25 kroner månaden.

#### Kriseutval og ny kontakt med omverda

Etter kvart blei kontakten med omverda opna att. Fyrst i mai kom det

såleis eit skriv frå fylkesmannen om at det laut opprettast eit kriseutval i kommunen. Formannsskapet valde då formannen i fattigstyret og i forsyningsnemnda attåt ordføraren og ein frå forsyningsnemnda. Dette kriseutvalet fekk så fullmakt til å handla på vegne av kommunen når det ikkje var tid til formelle vedtak. Halvanna veke etter blei det også sett ned eit eige kriseutval for jordbruksrådet.

Den betra kontakten med omverda og det at ein fekk ein betre oversikt over forsyningssituasjonen, gjorde at ein gradvis lempa på dei temmeleg strikse eksportrestriksjonane. Det fyrste produktet som slapp fri, var



*Tyske soldatar i Bokn.*

*Foto: Karmøy folkebibliotek*

poteta. Den 11. mai fekk bøndene på ny lov til å selja poteter or bygda. Alle forbrukarane fekk likevel beskjed om å sikra seg potefforsyning snarast råd før dei blei bortselde. For å få dette til, fekk 16 småbrukarar kommunalt tilskot til å sikra seg setjepoteter.

Etter at ein så nokolunde hadde kontroll på matvaresituasjonen, galdt det å førebu seg på neste vinter. Vinteren 1940 hadde vore kald, og nå trondst det ved til oppvarming. I fyrste omgang tinga kommunen 60 famnar ved. Av dette skulle 15 famnar brukast i dei kommunale bygga. Elles blei det produsert noko torv og ved i bygda sjølv, dei fleste hadde litt. Men det var heller lettrent og ville ikkje mona stort når kulda kom.

Kriseutvalet vedtok difor også å skjæra torv med maskin. Skuleborna blei settet til å skjæra torv, kvar til sin skule. Det blei jamvel sett ned ei eiga nemnd som skulle stå for ei mest mogeleg omfattande torvkjæring – og det laut skje på forsommaren for at torva skulle vera klar til vinteren. Abraham Dagsland og Kristoffer Håland fekk i oppgåve å halda tilsyn med arbeidet, stå for lønsutbetalingar og å tinga med grunneigarane til torvmyrene.

Dei store debattane i kommunestyret gjekk mest på kva som trondst av forsyningar til kommunen – skulle ein til dømes kjøpa inn 20 eller 30 famnar ved som forsyningsnemnda kunne selja vidare til trengjande.

Mot fire røyster blei det fleirtal for det fyrste.

#### Nye rasjoneringar

Utover sommaren kom fleire varer på rasjonering. Frå 1. juni galdt det mellom anna parafin. I ei straumlaus bygd blei parafin nytta både til lys og matlaging og var det eit tiltak som merktes. Som me ser annan stad, fekk dette kreative boknarar til å laga sine eigne små kraftverk. Men forsyningsnemnda bad om ein ekstrakvote parafin til fiskarane slik at dei hadde lys til å vøla fiskereiskapen sin utover hausten og vinteren.

#### Kommunebudsjettet 1940/41

Frå juni av tok tilhøva til å normalisera seg og den kommunale møteaktiviteten fall til det meir normale. Den 6.juni sette såleis heradsstyret opp eit budsjett som balanserte på snautt 50.000 for 1940/41. Reknar me det om, svarar det til 1,2 millionar kroner i 2015 eller snautt to prosent av budsjettet det året.

Av heile budsjettet, gjekk 41 % til skulen, 21% til alderstrygda og 19,2% til gamleheimen og trengjande. Slik sett var det bare femteparten av budsjettet til deling mellom kyrkje, sentraladministrasjon, helsestell, kultur, sysselsetjingstiltak og kommunalt brensel. Av desse var sysselsetjingstiltak den største possten og utgjorde med sine 2660 kroner 5,4% av heile budsjettet. Kostnadane til sentraladministrasjonen utgjorde 2,3% av budsjettet, om lag det same som ein la ut til kommunal brensel.

Frå møtet den 6. juli var kommunestyret tilbake i tilnærma normalt gjenge der kranglinga om plaseringa av skulen i nordre krets tok det meste av tida. Dette møtet var spesielt stormande etter at Tønnes Brynningssland i Haugesund Dagbladet hadde gått til harde åtak på ordføraren i skulestriden.



*Heine Trahaug på ei av kononane på Loden straks etter krigsslutt.*

## Boktips

frå

Biblio-  
teket



Lemaitre,  
Pierre:  
Alex

Den unge kvinnen Alex Prévost kidnappes, utsettes for grov vold og plasseres i en liten trekasse flere meter over bakken i et forlatt lagerlokale. Det er åpenbart at kidnapperen ønsker å se henne død - men blir det mangel på mat og vann eller rotte-ne som vil ta livet av henne? Politietter-forsker Camille Verhoeven og kollegene hans har ikke annet enn en vag

vitnebeskrivelse å gå etter. De vet ikke en gang hvem som har blitt kidnappet. Etter hvert som Verhoevens steg avdekker brokker av Alex` historie, går det opp for ham at personen de leter etter er alt annet enn et vanlig offer. Og snart er det å redde den unge kvinnens liv den minste av etterforskerens bekymringer.



# Bokn sykkelklubb

Lars Øyvind Alvestad



## Om Klubben

Bokn Sykkelklubb startet opp i desember 2014. Klubben har i dag 40 registrerte medlemmer i alle aldre. Grunnlaget for oppstart av klubben er å kunne gi et optimalt tilbud til alle sykkelinteresserte, og støtte opp rundt de som virkelig ønsker å satse på sporten. Vi har blitt veldig godt mottatt i sykkelmiljøet som ny klubb og har fått god støtte fra lokale og andre bedrifter som har stilt opp som sponsorer.

Vi har medlemmer både fra nord og sørfylket. Blant disse har vi ivrige rekrutter, hardt satsende ungdom og mosjonister på alle nivåer. Uansett målsetning den enkelte har, er målet at en skal kunne få et bra treningsmiljø og få sjansen til å konkurrere på det nivå man ønsker og hører hjemme. En av våre målsetninger er å kunne være et tilbud til både unge og eldre som ønsker å komme seg i litt bedre form. Klubben har lokalet på Hognaland hos en av våre sponsorer Mæland bygg. Vi benytter området rundt skolen og idrettsanlegget til trening for de yngste og gymsalen til basistrening vinterhalvåret.

## Rekruttsykling

Rekruttene har allerede vert i sørfylket og sesongdebutert nå i april. De deltok på temporittet SSK mila som moderklubben til Alexander Kristoff, Stavanger Sykkelklubb arrangerer



hvert år. Som vi ser på bildene er det ingenting å si på innsatsen. Vi har hatt fellestrenings hver lørdag i vår. Vi



har kalt treningen for «sykkelskolen» Det har vi gjort for å lokke flest mulig ut på sykkelen, både de unge og eventuelt eldre som ønsker litt grunnleggende sykkelhåndtering. Sparebanken Vest har vært med og bidratt slik at vi kunne gå til innkjøp



av sykler som de yngste kan benytte. Noe vi er veldig takknemlig for. Flere av medlemmene i klubben har vert på trenerkurs. Så her er det kvalitet på treningene. Vi bruker området på Hognaland på noen treninger, her er det beine flate veier, så her får vi god fart på racersyklene.

## Ungdom

Med på SSK mila var og Joakim. Han satser fullt på syklingen, og har lagt

ned mange treningstimer i vinter. Dagene går stort sett med til Skole, trening og hvile. Sesongdebuten var bra og han havnet på en sterkt 3 plass.

Satser man for fullt må man legge ned enormt med treningstimer årlig. Og på grunn av at det aktive sykkelmiljøet i vårt distrikt 'Nord Rogaland' er ganske lite, så man må ut å reise for å få konkurrert. Det kan fort bli opp til 10-15 helger i sesongen med farting rundt om i landet. Det er veldig bra for klubben at vi har en som satser så mye, både med tanke på sponsorer omtale og ikke minst at kvaliteten på fellestreningen blir veldig høy.



**Bokn SK drakten  
2015 som vi alle  
venter på. Denne  
kommer innen  
april er omme.**

## Treningsmiljø

Treningsmiljøet i klubben er veldig bra. Fellesøktene har i vinter bestått av Spinning, basistrening i gymsalen, samt rolige joggeturer der Boknahåve har vert et populært mål. Vi har vert mellom 2-8 stykker hver gang. Rolig jogging i ulendt terregng er svært god trening både for motoren samt ledd og muskler i bena.



Innetreningene har vi som regel varmet opp med innbandy, før vi har kjørt på med enten sirkeltrening eller Tarzantikken. Disse treningene er ikke bare for medlemmer men for alle som vil bli med. Her varierer alderen på deltakerne fra 6-7 år til langt opp på tabellen. Her blir treningen lagt opp når vi ser hvem som er med. Det blir ofte Tarzantikken, og

Nå når våren er her har vi 2 intervall-treninger i uken og en rolig langtur i helgen. Øktene legges alltid opp slik at alle skal kunne følge med uansett nivå.

I år blir det våre klubbritt som blir hovedfokus i tillegg til Bokn opp som vi skal arrangere sammen med Falkeid IL. Vi hadde planer om å arrange-

til den nye hallen skal stå ferdig. Det vil gjøre at vi får øke tilbudene og kvaliteten på treningen vår på vinterhalvåret, samt gjøre det enklere å ha arrangementer. Vi håper nå at arbeidene snart starter.

For de som ønsker mere informasjon om klubben eller sykling generelt kan gå inn på vår nettside boknsk.no eller



det er veldig god trening selv for de sprekreste!! Vi har hatt en veldig god vinter med lite frost og snø, så vi har fått trenet bra hele vinteren

re Norgescup i sykkelscross i høst, men siden kommunen nå endelig skal gå i gang med flerbrukshallen vil vi vente så vi ikke krasjer med anleggssarbeidene der. Vi gleder oss og

besøke vår facebook side **Bokn Sykkelklubb** så finner man ut mere om trening, sponsorer, klubbsmedlemskap osv. Det er bare til å ta kontakt om man ønsker bli med i miljøet vårt.

## Serie

# Eg seie meg så

Birger Lindanger

Denne gongen vil me ynska Henrik Haukland Våge velkommen med i gjengen. Trass i at det denne gongen blei sju poeng til kvar, var han den einaste som visste at å gå i kalven også kunne bety å sovna. Elles var nokre av uttrykka denne gongen av dei meir ukjende. Det viste seg at alle tri hadde bomma på å teksla i, å gå i belg og å leggja i steidn. På den andre sida må det jo seiast at forslaga til løysing var kreative.

### Forklaringsane:

- |                             |  |
|-----------------------------|--|
| 1. å teksla i               | å lesa i (her har du noko å teksla i)        |
| 2. å vera tids              | å vera noko som har skjedd, tidsnok          |
| 3. å eda seg vom over rygg  | å eta seg stappmrett                         |
| 4. å gå i belg              | å eta for mykje                              |
| 5. å leggja i steidn        | å ta til seg meir enn ein greidde eta        |
| 6. å gå i kalven            | å gå i teina, overført: så full at ein sovna |
| 7. begjeven                 | iherdig, «veldig til å»                      |
| 8. å ikkje vera te någes    | å vera unyttig                               |
| 9. rutlite                  | forvirra, senil                              |
| 10. å tyda (ikkje forklara) | å masa                                       |

### Månadens uttrykk, kva betyr:

1. ein stoppesopp
2. ein gullsmed (insekt)
3. krabbaskjøl
4. sauablom
5. knoppetare
6. å spøda
7. kjeringar (plante)
8. å dalga
9. fyse
10. ei horg

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad innan 11. mai.

### Resultat:

Henrik Haukland Våge	7 poeng
Dagsenterdamene	7 poeng
Andor Borgenvik	7 poeng

Nok ein gong takkar me Helge Laupland for gode forslag og håpar at lesarane med dette får noko å bryna seg på. Lukke til!

**Nyhet!**  
Nå også leiligheter på  
74,4 m<sup>2</sup>

HAR DU LYST TE Å BU

# hima på Bokn...

..men vil ha noe mer lettvindt?



## ALVESTADKROKEN

Nye lekre leiligheter i idylliske omgivelser

**Vi tilbyr nå leiligheter på både 60 m<sup>2</sup> og 74,4 m<sup>2</sup> på Bokn.**

Boligene på Alvestadkroken har gjennomtenkte og praktiske løsninger. Det er standard med 2 soverom, men dere kan også velge 1 soverom og større stue. Velger du leilighet i 2. etg. får du ekstra høy takhøyde i stue/kjøkkenet. Båtplass er det også mulighet for i nærområdet.

Boligen kan brukes som fast bolig/fritidsbolig.

**altibox**

60/74,4 m<sup>2</sup> / Mulighet for startlån i Bokn kommune og inntil 100% finansiering / Kr 0,- i etablering av lån



FOR MER INFORMASJON:

Megler GEIR AUDUN VIKSE, Mobil: 46 85 03 90, E-mail: geir.audun.vikse@dnbeiendom.no

Selger/utbygger Askeland Eiendomsutvikling AS v/ OLAV ASKELAND

Mobil: 90 82 59 90, E-mail: olav@bygg-askeland.no

[www.bygg-askeland.no](http://www.bygg-askeland.no)





# MÆLAND BYGG

## NYBYGG & REHABILITERING

**BOKN BYGG**

VESTLANDS HUS

Byggmester-papirer med sentralgodkjent ansvarsrett.

**Utfører:**

Alt innen nybygg og rehabilitering. Totalentreprenør.

Tegneoppdrag, beregninger og byggesøknader.

Kontorer, trelast og varehandel på Bokn Bygg.

Leverandør av VestlandsHus, hytter og garasjer.

Ta kontakt for en hyggelig og uforpliktende prat.

**Jan Magne Mæland 90565245**

**Tor Henning Mæland 95221191**

**Mail: jmm@maeland-bygg.no**

Biblioteket er  
stengt måndag  
4. mai og ons-  
dag 13. mai.



## Kulturprisen 2015

Bokn kulturkontor ynskjer forslag på kandi-  
datar til kulturprisen 2015.

Prisen, som blir delt ut på eit kulturrange-  
ment til hausten, skal vera ei påskjøning til ein  
person, lag eller andre som har utført eit sær-  
leg verdfullt arbeid på kulturområdet eller i  
nærmiljøet i Bokn kommune.

**Desse har fått prisen tidlegare:**

Eivind Øvrebo	1993
Målfrid Kro Trosnavåg	1995
Olaug Hognaland	1997
Solveig og Leiv Våga	1999
Matias Are	2001
Inger Sønnøve Bokneberg	2003
Songtrioen	2005
(Venevil Birkelund, Oddrun Nilssen, May J. Vatnaland)	
Odd Grønnestad	2009
Ragnhild & Artur Trosnavåg	2011
Kjell Frode Lie & Kaj Arne Christiansen	2013

**Stikkord for desse personane har vore:**

Bygdemuséet, kulturvern, restaurering, inn-  
samling, kulturformidling, lokalkunnskap, entu-  
siasme, inspirasjonsfigur, tradisjon, diktar- og  
forteljarevne, dikt- og prologskriving, barne- og  
ungdomsarbeid, uformell, respekt, eldsjeler,  
musikk, omsorg, jordnær, helseførebygging,  
støttearbeid, spre glede, mangfold, kvalitet, ja-  
menneske, utrøteleg, positiv, inkluderande,  
kompetanse, kursverksem og frivillig humani-  
tært arbeid.

Nå har du sjansen til å påverka kven Bokn  
kommune bør gi kulturprisen i år.

Skriv eit brev eller send ein mail til kulturkon-  
toret (jardar.havikbotn@bokn.kommune.no)  
og fortel om kvifor akkurat den personen eller  
dei personane/laget bør få kulturprisen.

**Frist: 1. juli**



**Ei heftig oppleving**  
frå kaien i Føresvik og opp til toppen  
på Boknafjellet 294 moh.

**25. April. 2015 kl. 13.00**

**Påmeldingen er åpen.**

Sjá nettsidene til  
[www.boknopp.no](http://www.boknopp.no) eller [www.falkeid-idrettslag.no](http://www.falkeid-idrettslag.no)

**[www.boknopp.no](http://www.boknopp.no)**



Møller Bil Haugesund



Laastad  
LAASTAD & CO AS

Almenha Trifløder AS



## KFL bil og utleige

Utleige av stillas	frå 500 kr. pr.v.
Utvendig lakrens av bil	frå 2.500 kr.
Innvendig reingjering	frå 500 kr.
Skinnkleie	frå 500 kr.
Desinfisering av klimaanl.	500 kr.

### Utleige av minigravar 2500 kg

Pris døgn	1.000 kr. + mva
Pris veke	5.000 kr. + mva
Pris pusseskuffe	150 kr. + mva
3.500 hengar, døgn	400 kr. + mva

Kjell Frode 907 83 797  
 John Magne 909 24 964  
 Epost: kjellfrode75@hotmail.com

## Bokn hjelper Ukraina

Du finn oss på hjørnet til Coop  
 Marked Bokn.  
 Helsing



Oppningstider blir varslet med  
 oppslag på døra og på  
 Facebook-sida vår.

Elisabet & Annette  
 469 59 513 - 913 28 258



## BOKN BYGDAABLAD

[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no) - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året.  
 Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 424,- pr. år, 607,- for både  
 papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og  
 studentar.

**Redaktør:** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08  
 E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

**Medarbeidarar:** Annette Bokneberg/Gro Sørensen

#### Bygdabladnemnd

Elisabet Taraldlien  
 Kjetil Hamre  
 Hanne Marte Vatnaland

#### Stort framsidebilde:

Konfirmantar 2015  
 Foto: Jardar Havikbotn

**Foto, omslag:**  
 Kjetil Hamre

**Gjeldande annonseprisar**  
 Heilside kr. 2.000,-  
 Halvside kr. 1.000,-  
 Kvartside kr. 500,-

1/8 side kr. 250,-  
 Privatann. kr. 100,-  
 Nettannonse kr. 100,-  
 Fastannonse etter avtale



- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser

**Telefon: 94 98 63 64**

## Bokn & Tysvær

### begravelsesbyrå

Kjell Frode Lie  
 907 83 797  
 John Magne Lie  
 909 24 964

**Trovåg**  
 Elektro

## Gammelt sikringskap?



**KONTAKT OSS:**  
 52 77 63 39  
[post@trovag.no](mailto:post@trovag.no)

**HÅRSMIA**  
**BOKN**

**46442920**  
**52748647**

**SVENNEBREV**

Velkommen til Hårsmia for ny sommersveis. Nyinspirert fra kurshelg på Geilo.  
Nå 50% på alle varer i sensitive-serien.  
Veldig behagelig og god mineralogie-sminke for salg.

Åpent alle hverdager inkludert lørdager etter avtale.  
Mvh.  
Hårsmia/Mona

**Frisørrommet på Boknatun**  
- i sentrum av Bokn -

Åpningstider:  
tirsdag-fredag  
kl. 09-16

**GOLDWELL**

Hilsen fra  
Anita

99 32 55 34  
52 74 85 34

**GOLDWELL**

#### DAGSENTERET

Ope kvar tysdag kl. 10.00 - 14.00  
Treng du skyss, blir du henta på døra.  
Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.  
Påmelding på tlf. 93 09 39 98

**Torny Rossebø - aktivitør**

**NAV BOKN**

Kontortid kl. 9.00 – 14.30  
Telefotid kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33  
Bengt Krystad - leiar

**SERVICETORGET**

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30 - 15.00

**Me kan t.d. hjelpe deg med:**

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- uteleie av kommunale lokaler, eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, krus, m.m.
- kopiering

**Direkte nr.:** **52 75 25 10**  
**52 75 25 11**

**E-post:** [post@bokn.kommune.no](mailto:post@bokn.kommune.no)

#### LANDBRUKSKONTORET

Det er slutt på kontordag på Boknatun.  
Du kan kontakta landbrukskontoret på Tysvær rådhus i Aksdal.

**Bjørn Bruaset:** **52 75 71 75**  
**Emilie Moi Eikje:** **52 75 77 69**

#### BOKN TANNKLINIKK

**Kontortid tysdag kl. 08.30 - 15.10**

**Tlf. 52 75 25 80**

Timebestilling kan også gjerast via Tysvær tannklinik, tlf. 52 75 45 20

**Tannlege Ingjerd Hope Myklebust**

**God påske!**

#### BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.  
Opningstider 08 – 15.30.  
Telefotid 08-11 og 13-14.  
Telefon 52 75 25 40.

**Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).**

**Ved livstruande tilstand, ring 113.**

Timebestilling på internett eller SMS, sjå [www.bokn.no](http://www.bokn.no) for meir info.

**Jan Schille - lege**

#### PSYKISK HELSETENESTE

Kontortid mellom kl. 08.00 – 15.30 alle dagar, torsdag ope til kl 15.30.

**Direktenr.:** **52 75 25 36**  
**Mobilnummer:** **40 41 05 70**

(me er lettast å få tak i på mobil)

**E-postar:**  
[henriette.lindanger@bokn.kommune.no](mailto:henriette.lindanger@bokn.kommune.no)  
[miriam.berland@bokn.kommune.no](mailto:miriam.berland@bokn.kommune.no)

#### HELSESØSTER

Helsestasjonen er open mandagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 -15.30  
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 93 85 14 09

**Henriette S. Lindanger - helsesøster**

#### JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet mandag i oddetallsveker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61

**Timebestilling: Ta kontakt med Bodil på mobil 40 41 12 61**

**Bodil Ljones Auestad - jordmor**

#### BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje veke - tlf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

**Geir Austvik - fysioterapeut**

#### BOKN FOTTERAPI

Timebestilling tlf. 99 70 74 28

**Rita Bokneberg - fotterapeut**

**A-Blad**

Returadresse:

BOKN KOMMUNE

5561 BOKN

